

Vik skule og barnehage  
5568 Vikebygd  
Vikevegen 1266  
Tlf. Skule: 53655730  
Barnehage: 53655739  
Dato: 21.09.21



## Referat frå møte i samarbeidsutvalet Vik skule og barnehage 21.09.21

Desse møtte:

2 elevrepresentantar: Hallvard Øvstedal og Oscar Hamre Tindeland

Frå FAU på skulen: Knut Øvstedal

Frå andre tilsette på skulen: Berit Skartland

Frå tilsette i barnehagen: Håvard Lothe og Anne Wenche Vik

Frå foreldrerådet i barnehagen: Mona Hegerland

Frå undervisningspersonalet: Ingrid L. Sandvik

For kommunen : Anne Marte W. Tveit og Tormod Sandsgård

Meldt forfall: Håvard Tveit (frå FAU på skulen) og Sandra Marie B. Sælemyr (frå foreldrerådet i barnehagen)

### Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er til vanleg SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

### Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.

Anne Wenche Vik blei valt til leiar

Mona Hegerland blei valt til nestleiar

### Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen

Håvard og Anne Marte orienterte om og gjekk gjennom deler av årsplanen for barnehagen. Årsplanen er skriven med utgangspunkt i ein kommunal mal. Den skal vere eit levande dokument og vere eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og til informasjon for føresette og andre. Den er dette året endra og oppdatert ein god del i planen.

Håvard orienterte mellom anna om satsingsområda som dette barnehageåret er sosial kompetanse og språk. Vikebygd barnehage er ein del av ReKom som står for Regional kompetanseutvikling. Alle dei kommunale barnehagane i kommunen er med på dette, og me samarbeidar med Høgskulen på Vestlandet. I arbeidet er det både samarbeid mellom barnehagane og arbeid med eigne problemstillingar. Me i Vikebygd barnehage har måltidssituasjonen som spesielt utviklingsområde og jobbar nå ut frå problemstillinga: «Korleis kan personalets kommunikasjon rundt bordet påverka til trivsel og den gode samtalen?».

Årsplanen blei godkjent.

Årsplanen blir gitt ut i papir til nye føresette og sendt ut på E-post til alle.

#### **Sak 4 Elevrepresentantane Hallvard Øvstedal og Oscar Hamre Tindeland informerer og viser eksempel frå skulekvardagen**

Hallvard og Oscar viste oss korleis dei brukte Showbie. Dette er ein App der læraren legg arbeidsoppgåver, arbeidsplanar, lenker til oppgåve osv., og elevane gjer skulearbeid, lagar presentasjonar, leverer lekser, les inn leselekser osv. På Showbie gir læraren tilbakemelding til elevane og elevane kan spørje læraren om ulike ting. Kvar elev har sitt eige «rom», men dei har og eit felles diskusjonsrom der alle kan sjå alt. Hallvard og Oscar var nøgde med Showbie og syntes det var greitt å bruke det.

Dei viste også korleis dei brukte Campus Inkrement som er ein læringsplattform i matematikk. Dei syntes Campus fungerte godt og at det var greitt å bruke denne. Dei var kjempeflinke til å forklare og vise eksempel og me fekk eit godt innblikk i korleis det fungerte.

#### **Sak 5 Diverse orienteringssaker**

- **Skulen sine satsingsområde**

Hovudsatsingsområdet vårt i år er å innføra og bruka ny læreplan for grunnskulen som blei gjort gjeldande frå 01.08.2020. Dette satsingsområdet hadde me også i fjor, men me har i år fått fleire nye læreverk, både digitale og fysiske, som me prøver ut. Me samarbeider med Skjold og Vats skule med læreverk i norsk, matte og engelsk for 5.-7. trinn.

Skulen jobbar også ekstra med å leggje til rette for god læring og gode rulleringsplanar innanfor dei tre tverrfaglige tema: folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap, og bærekraftig utvikling. Dette er ikkje eigne fag, men tema som skal komme inn i alle fag og som tar utgangspunkt i aktuelle samfunnsutfordringar.

- **Barnehage og skulebruksplan**

Det som nå er bestemt er at kommunedirektøren skal leggja fram forslag til barnehage- og skulebruksplanen i januar 2022. Det vert folkemøte og høyring på kommunedirektøren sitt framlegg i februar/mars, og saka skal etter planen opp til politisk handsaming i mai 2022.

- **Covid -19**

Me følger heile tida smittevernreglane som er gjeldande. Barnehage og skulekvardagen har nå i haust ikkje vore mykje annleis enn før koronaen.

- **Vedtatt rulleringsplan for lokale tema på skulen.**

Tema i år: «Vikebygd før og nå». Kulturettermiddagen blir 7. april 2022. Dette blir det 15. året me brukar temaplanen for lokale tema. Me jobbar med tema i ca. 3 veker og avsluttar alltid med kulturettermiddag i samarbeid med FAU.

- **Budsjettsituasjonen**

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK og me reknar med å halde budsjettamma.

#### **Sak 6 Nytt ordensreglement for Vindafjordskulen**

Ordensreglementet for skulane i Vindafjord er i år blitt revidert og var gjort gjeldande frå 30.06.21. Pkt. 9 i ordensreglementet inneheld lokale konkretiseringar for kvar enkelt skule og skal bli vedteke i SU før 01.10.21.

Både personalet på skulen og elevrådet hadde kome med forslag til lokal konkretisering i ordensreglementet.

Dette blei vedtatt av SU:

## 9. Lokale konkretiseringar for Vik skule

Alle har ansvar for at Vik skule skal vera ein triveleg og god arbeidsplass for både elevar, lærarar og andre tilsette.

*Ved Vik skule gjeld desse lokale reglane:*

- Alle skal vere høflege og greie mot kvarandre og vise respekt og omsorg for kvarandre.
- Alle skal halda seg inne på skuleområdet.  
Skuleområdet er avgrensa av vegen i aust, fotballbanen i sør og gjerdet mot parkeringsplassen i nord. Skogsområdet i vest og nord kan nyttast, men elevane skal ikkje gå lenger bort enn at dei kan vera i klasserommet når timen startar.
- Dersom elevane sykklar til skulen skal dei setje syklane i sykkelstativa. Syklane skal ikkje brukast på skuleområdet kl. 08.00 - 16.30.
- Elevane skal ake i tilviste akebakkar. Det kan variere kor akebakkane er etter kor mykje snø og is det er. Alle nyttar skulen sine akematter.
- Føresette skal søke fri og gi melding om fråvær gjennom Visma Flyt Skole.
- Dersom eleven ikkje har fått gjort alt heimearbeid skal lærar ha beskjed om dette gjennom Visma Flyt Skole.
- Ingen elevar skal ha med seg snop og liknande på skulen.
- Læraren skal passe på at elevane får den tida til friminutt som dei har rett til.
- Dei tilsette på skulen kan gi unntak frå reglane i særskilte høve.

Ordensreglementet blir gjennomgått med personalet og sendt heim til føresette ved oppstart av nytt skuleår. Rektor orienterer om det i kvar enkelt klasse.

### **Sak 7 Ymse**

Det var ingen saker under ymse.

*Anne Marte W. Tveit*

*Skrivar*